



Vår ref.
05/4240

Saksh.: Bjørne Boge
Telefon: 53 67 35 24

Arkivkode
GBNR-18/2, K2-L12

Arkivsak
05/429-24

Dato:
26.09.2005

Eidfjord Kommune

Privat framlegg til reguleringsplan Bruskorva, gnr./bnr. 18/2 m.fl.

Reguleringsføresegner

§1 Generelt

1. Disse reguleringsføresegnene gjeld for det området på plankartet som er vist med reguleringsgrense.
2. Innafor reguleringsplanen sine grenser er området regulert til dei føremål som signaturfortegninga til planen viser.

§2 Felles vilkår

1. Plankrav

Situasjonsplan:

- Saman med søknad om løyve til tiltak, skal det leverast situasjonsplan i mål 1:200 som viser høgdar og terrenngrep, leidningsanlegg, avkjøringar, plassering av garasjar m.m.
- Søkjaren skal dokumentere at alle bygg og anlegg har ein god estetisk utforming som er tilpassa terrenget og som harmonerer i volum, form og fasade med omgjevnadene.

2. Estetikk.

Generelt:

- Eksisterande terreng og vegetasjon skal ved opparbeiding av vegar, parkeringsplassar og ved oppføring av bygningar i størst mulig utstrekning takast vare på. Ved inngrep skal terreng og vegetasjon tilpassast slik at opphavleg karakter mest mogleg vert oppretthalde.

For bygningar:

- Tak: Hytter skal oppførast med saltak, og taktekking skal ikkje være i skinande materiale.
- Møneretning skal i hovudsak vera slik som vist i plan.
- Høgdar: Grunnmurar skal ikkje overstige 1,2 m. Gesimshøgde skal ikkje vera høgare enn 4.5 m over gjennomsnittshøgde på planert terreng.
- Antenner: Søknadspliktige parabolantennar vert ikkje tillate oppført (ved diameter over 1m)
Alle antenner skal være veggmontert og ikkje overstige tak.
- Flaggstenger vert ikkje tillate oppført.
- Inngjerding av tomter er ikkje tillate.

3. Utbyggingsrekkefølge:

1. Utbygging skal skje i takt med utbygging av infrastruktur, slik som vatn og avløp, sanering og opparbeiding av avkøyringar og gang- og sykkelveg.
2. Alle nye bygg for varig opphald skal knytast til godkjent anlegg for vatn og avløp. Ved til- og påbygging til eksisterande bygg for varig opphald vert det kravd tilknytning til slike anlegg dersom bygga etter utvidinga får BYA over 100m².

4. Avkøyringar og parkering:

Før nye hytter kan takast i bruk skal nye avkøyringar, parkeringsplassar og undergang/kulvert etablerast. Avkøyringar skal utformast slik vist i planen og etter gjeldande krav.

5. Unntak.

Mindre vesentlege unntak frå desse vilkåra kan det, når serlege grunnar tilseier det, gjevast løyve til av kommunen innafor ramma av føresegner i plan- og bygningslova.

§3. Område for fritidsbustader. F01-03

1. Den i plankartet markerte, og i terrenget utsette tomtepel, skal falle innafor hyttene sine ytterveggar eller terrasse. Ved serlege grunnar kan dette fråvikast.
2. Byggjegrænse for tomt må ikkje fråvikast.
3. For F03 vert det gjeve løyve for tilkomst med bil og biloppstillingsplassar til/på kvar einskild eigedom.
4. For tomtene H3-H6 gjelder ikkje §2 vilkår om byggjehøgde. Her vert det tillate oppført bygg i 2 etasjar.
5. På tomtene H3-H6 kan det byggjast hytter med utbygd areal (BYA) på inntil 170 m². Alle andre tomter innanfor planområdet kan byggjast ut med hytter inntil 150 m² BYA, innanfor ein utnytingsgrad på 15% BYA pr tomt.

§4. Område for Brøytetasjon.

I dette området kan oppførast bygningar knytt til brøytetasjon. Utnyttingsgrad for området er 20% BYA.

§ 5. Område for offentlig trafikkområde – gang- og sykkelveg

1. Gang- og sykkelveg skal ikkje brøytast for snø i skisesongen, gang- og sykkelvegen vert då nytta til skiløypetrasé.
2. Skjeringar og fyllingar skal plantast til og arronderast på ein tiltalende måte.
3. Gang- og sykkelveg kan utanom skisesongen og vinterstid med eigna kjøretøy, brukast til motorisert ferdsel av eigar av 18/2. I tillegg kan gang- og sykkelveg utanom skisesongen nyttast til kjøring til 18/29.

Vilkåra er vedtekne av kommunestyret i sak 062/05 den 19.09.2005



Ola B Hereid
ordfører
Eidfjord, 26.09.2005